

REFERAT FRÅ STYREMØTE I HERAND BYGDELAG

Stad / tidspunkt: Herand skule (barnehagen), 12. februar 2013, kl. 19.00 – 21.30.

Til stades: Sidsel Haugen, Kaia Gulbrandsen, Gerd Ingeborg Haugen og Britt-Heidi Selsvik.

Sak 1) Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Inga merknader til innkalling eller saklista.

Referat etter sist møte, 9.jan.-13, er utsett.

Sak 2) Førebu møte med lag og organisasjonar.

Fellesmøte er datert til 10. mars-13 kl. 17.

Stad: Herand skule, kjøkken, etter bygdekafèen.

Saker som vil bli drøfta er t.d. dugnadshelg, Herandshelg, trivselsgruppa i Bygdelaget, jubilea i bygda; Grannahuset og Bedehuset, kva kan gjerast for å gje auka inntekter til Herand skule (bygg) / vedlikehaldskostnader...

Sak 3) Herand Barnehage. Økonomirapport

Kasserar la fram rapport og orienterte om driftsresultat pr. utgongen av jan.-13. Resultatet er positivt og ligg så langt innafor ramma i budsjettet.

Ingrid S. Håvik har permisjon januar og februar d. å., Birthe Torgersen er vikar for henne.

Sak 4) Bygdebladet

Leiar i laget hentar inn prisar på trykking av Bygdebladet.

Det vil bli «fast post» på styremøta, å drøfta evt. saker til bladet.

Neste nummer kjem i byrjinga på mai.

Sak 5) Ymse

Trengs det revidering av Bygdelaget sine vedtekter?

Oppdatering av barnehage informasjon på Herand sine heimesider.

Ole Gisle sender utkast til valnemnda for Herand Bygdelag

Referent: Britt-Heidi Selsvik